

3 årsverk har Tor Bringedal brukt på verket

**Naturleg nok er det mykje stoff å finna om Uskedalen i det tunge historiske verket til Tor Bringedal frå Herøysund som vart presentert på Husnes i dag. Verket er på 500 sider og bak det ligg ein arbeidsinnsats på 3 årsverk og eit budsjett på 200 000 kroner som han har teke på eigen kappe. Han har i det heile vore driven av eigen hug, for å nytta hans eigen formulering. Trongen til og behovet for eit supplement til dei tidlegare historiske verka har vore ei viktig drivkraft og i så måte har han gjort eit storverk.**

Bringedal (født 1949) er ein allsidig kar. Han har vore sauebonde sidan 1980, lærar i barneskulen og ungdomsskulen, kommunestyremedlem i ein periode og har hovudfag i historie. Frå 1999 til 2011 var han opplærings- og informasjonsansvarleg ved Sørøra. I det siste har historieforskinga teke det meste av tida.

Det er bolken frå 1837 til 1945 boka handlar om og forfattaren stillar spørsmålet: Lokalt sjølvstyre med formannskapslovene? Temaet er med andre ord den politiske utvikling i den gamle Kvinnherad kommune etter innføringen av desse lovene og fram til krigens slutt.

Kva som skjedde under naziststyret er altså også eit tema og mange historisk interesserte vil


finna at det er eit av dei mest interessante. Den som leitar etter sensasjonelle avsløringar i den samanhengen vil nok leita forgjeves. Men Bringedal slår fast at berre dei færraste sakene fekk NS-preg.

Bringedal har gått svært gundig til verks og hatt mange gode kjelder, Ei av dei er tydelegvis privatarkivet etter Sivert Kjærland i Uskedalen. Biletmaterialet har også mange innslag frå vår bygd. Brua er til dømes representert to stader. Kyrkjesaka i bygda har fått fyldig omtale og vi les mellom anna at kirkjetenaren Ole T. Feet fekk ei årsløn på 80 kroner .

I kva grad kan vi seia at formannskapslovene representerar innføring av lokaldemokrati?

Det er det sentrale spørsmål Bringedal stiller i verket, Om han finner noko fullgodt svar er tvilsomt, men vi har berre skumlese verket. Uansett er det eit storløft med omsyn til historisk dokumentasjon.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Gamal og ny bru i 1937 - bilete i Bringedals bok](#)